

PROTOKOLL FRÅ LANDSMØTET 2019

TID: 27. april kl. 14-17, 28. april kl. 9.30-13.00

STAD: Quality Hotel Strand Gjøvik, Strandgata 15, Gjøvik

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

Oppropet dag 1 viste 62 representantar med røysterett

- 53 representantar frå medlemslaga
- 2 utøvarrepresentant
- 7 representantar frå styret

Oppropet dag 2 viste 61 representantar med røysterett

- 52 representantar frå medlemslaga
- 2 utøvarrepresentant
- 7 representantar frå styret

Delegatar med røysterett:

Lag som ikkje er tilslutta eit områdelag

Gjøvik Spelmannslag

Målselv spelmannslag

Setesdal Spelemannslag

Saffa

Furuleiken Spell- og danselag

Oslofolk – laget for folkemusikk

Hedmark Folkemusikklag

#Hedmark

Bygdedanslaget i Hamar

Spellmannslaget LEIK

1. Marian Bråten
2. Vegard Gundersen
3. Karianne Asphaug
4. Sigrid K. Jore
5. Stina Brandin
6. Tore Hennie
7. Lene Furuli
8. Solfrid Gjeldokk
9. Veslemøy Nordset
10. Anne Nilssen
11. Thor H. Bøhle
12. Jarl Eivind Løvik

SG

Solfrid Gjeldokk

GB

Gunnar Blikstad

Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag	13.	Øyvind Kvile
Østerdølenes Spellmannslag	14.	Gunnar Blikstad
Gudbrandsdal Folkemusikklag	15.	Kirsti Lier Ramberg
Lillehammer Spel- og dansarlag	16.	Ingjerd Lien Kvelstad
Lom Spel- og dansarlag	17.	Siw Iren Bruøygard
Mukampen spel- og dansarlag	18.	Kari Grøslund
Vågå Spel- og Dansarlag	19.	Rasmus Stauri
Valdres Folkemusikklag	20.	Anne H. Grøslund
Folkedansgruppa i Valdreslaget i Oslo	21.	Ola Grøslund
Vårflaumen Spel- og dansarlag	22.	Live Visdal
Øystre Slidre Spel- og dansarlag	23.	Bente Hemsing
Buskerud Folkemusikklag	24.	Anne Røine
Geilo Spelemannslag	25.	Unni Myrheim Roos
Hallingdal Låtelag	26.	Jan Arne Sebuødegård
Kongsberg Spel- og dansarlag	27.	Erland Andersen
Numedal Spel- og dansarlag	28.	Håkon Aasen
Sandar Spellemannslag	29.	Veslemøy Fjerdingsstad
Ål spel- og dansarlag	30.	Mikkel Aasberg Arnesen
Telemark Folkemusikklag	31.	Anders Aasberg
Nes Nasjonale Dansarring	32.	Anders Lunden Herfoss
Seljord folkemusikklag	33.	Anette F. T. Apeland
Hordaland Folkemusikklag	34.	Sigrun Aakre
Hardanger Spelemannslag	35.	Åshild Wetterhus
Kvemmingen Spel- og dansarlag	36.	Svein Aakerholt
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	37.	Elisabeth M. Fjeldvær
Jostedal Spel- og dansarlag	38.	Oddmund Vestenfor
Spelemannslaget Fjelljom	39.	Gudrun Straand
Møre og Romsdal Folkemusikklag	40.	Borghild Hardang-Hanto
Spelemannslaget Dâm og Drag	41.	Aud Manheim
Ungdomslaget Ivar Aasen	42.	Torunn Raftevold Rue
Trøndelag Folkemusikklag	43.	Magne Velure
Oppdal Spell- og dansarlag	44.	Per Øyvind Tveiten
Trondheim Toradergruppe	45.	Knut David Hustveit
Gruppa for yrkesutøvarar	46.	Dagrun Hesjevoll
Styret i FolkOrg	47.	Jorunn Sollid
	48.	Kine I. Gyldenskog
	49.	Hanne Salthammer
	50.	Leikny Aasen
	51.	Torill Aasegg
	52.	Nina Hoel
	53.	Rønnaug Jørgensen
	54.	Britt Pernille Frøholm
	55.	Ingebjørg L. Reinholdt
	56.	Hilde Reitan
	57.	Helene M. Bolstad
	58.	Camilla Granlien
	59.	Kristian Hanto
	60.	Thor Hauknes
	61.	Kjellbjørn Karsrud
	62.	Silje Solberg

SG

Solfrid Gjeldokk

GB

Gunnar Blikstad

Sak 3 Val av møteleiar og protokollførarar

Vedtak:

Møteleiarar:

Lene Furuli, Oslofolk – Laget for Folkemusikk.

Magne Velure, Hardanger Spelemannslag.

Protokollførarar: *Linda Dyrnes og Ingrid Schei Stuhaug*

Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen, redaksjonskomité og teljekorps

Til å skrive under protokollen:

Solfrid Gjeldokk, Oslofolk – Laget for Folkemusikk.

Gunnar Blikstad, Østerdølenes Spellmannslag

Teljekorps:

Kine Gyldenskog, Møre og Romsdal Folkemusikklag.

Oddmund Vestenfor, Ål spel- og dansarlag

Redaksjonskomité:

Kari Grøslund, Lom Spel- og dansarlag.

Per Øyvind Tveiten, Kvemmingen Spel- og dansarlag.

Anne Nilssen, #Hedmark.

Styreleiar Hilde Reitan heldt sin tale og gjorde greie for arbeidet i 2017 og 2018

Sak 5 Årsmelding 2017 for FolkOrg.

Vedtak:

Landsmøtet tek årsmelding 2017 til orientering.

Sak 6 Rekneskap 2017 for FolkOrg

Linda Dyrnes la fram rekneskap 2017

Vedtak:

Landsmøtet tek rekneskapen for 2017 til orientering.


Solfrid Gjeldokk


Gunnar Blikstad

Sak 7 Årsmelding 2018 for FolkOrg.

Vedtak:

Landsmøtet vedtek årsmelding 2018 slik den ligg føre.

Sak 8 Rekneskap 2018 for FolkOrg

Linda Dyrnes la fram rekneskap 2018

Vedtak:

Rekneskapen for FolkOrg 2018 vert godkjend.

Sak 9 Melding frå tilsynsnemnda

Vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda verte teke til orientering.

Sak 10 Vedtektsendring

Thor Hauknes la fram sak om vedtektsendring

Styrets opphavelige framlegg var:

§ 2 i vedtektene til FolkOrg endrast til:

§ 2 Føremål

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, og gjennom det fremje god folkehelse.

Ola Grøslund, VågåSpel- og Dansarlag hadde følgande framlegg til §2:

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans har som formål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, da tek vi vare på både kulturarven og fremjar folkehelsa.

Thor Herman Bøhle, Bygdedanslaget i Hamar hadde følgande framlegg til § 2:

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans har som formål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, og spre kunnskapen om formålets gode virkning på folkehelse.

Redaksjonsnemnda fekk med seg desse tre framlegga til vedtak for å samkjøre dei då møtedagen var slutt, men deira innstilling var då at styrets opphavelige framlegg var det mest dekkande.

Gudrun Straand, Telemark folkemusikklag, fremma følgande forslag:

SG
Solfrid Gjeldokk

GB
Gunnar Blikstad

Forslaget om å endre formålsparagrafen sendes tilbake til styret.

Ved byrjinga av andre møtedag trakk styret sitt opphavelige framlegg og la fram følgande alternative framlegg til § 2:

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse

Etter det trakk både Ola Grøslund og Thor Herman Bøhle sine framlegg.

Avstemming:

Det vart først stemt over oversendingsframlegget frå Gudrun Straand. Då det ikkje er ei vedtektsendring, men ein oversendingssak, heldt det med simpelt fleirtal.

Framlegget falt med 21 mot 38 stemmer.

Det vart så stemt over styrets nye framlegg.

Det vart vedteke med 41 stemmer for, 19 mot og ei blank stemme.

Vedtak:

§ 2 i vedtektene til FolkOrg endrast til:

§ 2 FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse

Sak 11 Arrangørar som ny medlemsgruppe

Camilla Granlien la fram sak om arrangørar som ny medlemsgruppe

Vedtak:

1. FolkOrg opnar for at arrangørar av konsertar med folkemusikk og dansefestar, og folkemusikkfestivalar kan melde seg inn i FolkOrg. Nettverket for folkemusikkarrangørar vil opphøyra i den form det har i dag, og vi vil lage møteplassar for arrangørmedlemmer.
2. Arrangørmedlemmene betaler kontingent etter modell 1. Det vil seie at dei betaler 1 % av omsetninga, minimum kr 800 og maksimum kr 3000.
3. Arrangørmedlemmene kan samla sende to utsendingar med stemmerett til Landsmøtet, som eit faglag.

Sak 12 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden

Hilde Reitan la fram langtidsplan

Vedtak:

Landsmøtet vedtek langtidsplan for FolkOrg med særskilde satsingar for perioden slik han ligg føre.

Sak 13 Fastsetjing av medlemspengar

Kjellbjørn Karsrud la fram sak om medlemspengar

Vedteke mot to stemmar.

Vedtak:

Medlemspengar for 2020 vert sett til kr 290 for vaksne, og kr 100 for born.

Medlemspengar for 2021 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born

Medlemspengar for 2022 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born

Sak 14 Revidert budsjett 2019

Linda Dyrnes la fram revidert budsjett 2019

Vedtak:

Landsmøtet vedtok revidert budsjett 2019 slik det ligg føre.

Sak 15 Budsjett 2020

Linda Dyrnes la fram budsjettet for 2020

Vedtak:

Landsmøtet vedtok budsjett 2020 slik det ligg føre.

Sak 16 Budsjett 2021

Linda Dyrnes la fram budsjettet for 2021

Vedtak:

Landsmøtet vedtok budsjett 2021 slik det ligg føre.

Sak 17 Oppnemning av revisor

Vedtak:

BDO AS blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2019 og 2020.

Sa
Solfrid Gjeldokk

GB
Gunnar Blikstad

Sak 18 Fråsegner

Kristian Hanto og Kjellbjørn Karsrud la fram framlegg til fråsegner

- a) Rasmus Stauri frå Mukampen spel- og dansarlag ønska seg eit tillegg om NRK folkemusikk og sendetid. Kristian Hanto gjorde framlegg om følgande i kulepunkt 2 andre linje: «Dette er bra, sjølv om dab+-utgåva også bør sendast på dagtid.»
- b) Torill Aasegg frå Trøndelag folkemusikklag la fram følgande endringsforslag:

Første kulepunkt endrast til:

Kulturministeren må avklare det overordna ansvaret, og gje dei naudsynte midlane til å utvikle....

Av språklege årsakar kom Thor Hauknes frå styret med framlegg om å endre andre kulepunkt til:

Ei framtidig arkivløyising må kunne takast i bruk både sentralt og lokalt og må kunne bruke opp att informasjon frå programvara FIOL.

Avstemming:

Det vart først stemt over forslaget til Torill Aasegg. Det falt mot 2 stemmer.

Så vart det stemt over styrets opprinnelege framlegg med Thor Hauknes språklege endring, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- a) *Landsmøtet i FolkOrg vedtek framlagte fråsegn om bruk av folkemusikk i NRK, med det tillegget som kom fram i møtet.*
- b) *Landsmøtet i FolkOrg vedtek framlagte fråsegn om folkemusikkarkiva*

Fråsegnene ligg ved protokollen til landsmøtet.

Sak 19 Val

Torunn Raftevold Rue la fram innstillinga frå valnemnda. Styreleiar Hilde Reitan la fram innstillinga frå styret til ny valnemnd.

Vedtak:

Alle vald med akklamasjon

Styret 2019-2021:

Leiar:

Hilde Reitan

2 år

Attval


Solfrid Gjeldokk


Gunnar Blikstad

Nestleiarar:

Camilla Granlien	2 år	Attval (repr. yrkesutøvarar)
Thor Hauknes	2 år	Ny nestleiar/ fast styremedlem i førre periode

Styremedlemmer:

Kjellbjørn Karsrud	2 år	Attval
Kristian Ihle Hanto	2 år	Attval
Silje Solberg	2 år	Attval (repr. yrkesutøvarar)
Thomas Nilssen	2 år	Ny fast medlem (1.vara i førre periode)

Varamedlemmer til styret:

Ole Erik Feragen	2 år	1.vara (3.vara i førre periode)
Helene Høye	2 år	2.vara (attval)
Elin Pehrson Grytting	2 år	3. vara (ny)

Fagutval for yrkesutøvarar 2019-2021:

Ingebjørg Lognvik Reinholdt	2 år	Attval
Britt Pernille Frøholm	2 år	Attval
Martin Myhr	2 år	Ny leiar

Tilsynsnemnd 2019-2021:

Tor Stallvik	2 år	Attval
Randi Skeie	2 år	Attval
Helene Myklemyr Bolstad	2 år	Ny (nestleiar i førre periode)

Valnemnda har i 2019 vore: Torunn Raftevold Rue, Aslak O. Brimi og Jan Kåre Bjørkås.

Valnemnd 2019-2021

Torunn Raftevold Rue	2 år	Attval
Øystein Rudi	2 år	Ny
Solbjørg Tveiten	2 år	Ny



Solfrid Gjeldokk



Gunnar Blikstad

Protokollen er godkjend:

Solfrid Gjeldokk

Solfrid Gjeldokk

Gunnar Blikstad

Gunnar Blikstad

Vedlegg:

Fråsegner vedteke på Landsmøtet i FolkOrg 2019:

Fråsegn om bruk av folkemusikk i NRK

Frå mellomkrigstida tok NRK rolla som ein viktig formidlar av norske folkemusikktradisjonar. Som ei følge av dette arbeidet har NRK i alle år også drive med viktig innsamling av tradisjonsstoff – ei innsamling nye generasjonar av folkemusikkutøvarar i ettertid har kunna nyte godt av. Landsmøtet i FolkOrg – organisasjonen for folkemusikk og folkedans – meiner det er grunn til å seie seg nøgd med at Folkemusikktimen held stand, og formidlar folkemusikk frå inn- og utland til nye lydarar.

Landsmøtet meiner elles:

- FolkOrg er opptatt av korleis vår offentlege allmennkringkastar kan og vil formidle folkemusikk i sine sendeflater i ei tid med nye vilkår, føresetnader og utfordringar, og ønskjer eit endå tettare samarbeid om korleis dette kan gjerast.
- NRK *folkemusikk* har med si nettutgåve og si dab+-utgåve auka sendetida med folkemusikkinnhald monaleg. Dette er bra, sjølv om dab+-utgåva også bør sendast på dagtid. FolkOrg registrerer likevel at mesteparten av sendetida i NRK *folkemusikk* er uredigert eller datagenerert, i stor mon til skilnad frå musikkkanalar som NRK *klassisk* og NRK *jazz*. FolkOrg oppmodar derfor NRK om å styrke NRK *folkemusikk* med ressursar slik at denne skilnaden minskar.
- Det er eit sterkt ønske frå FolkOrg si side om å få høyre meir folkemusikk i blanda musikkprogram og i allmenne eller blanda spelister i NRK, både i riks- og distriktskanalar.
- FolkOrg oppmodar NRK fjernsyn om å lage fleire folkemusikkproduksjonar.

Solfrid Gjeldokk

Gunnar Blikstad

Fråsegn om framtida til folkemusikkarkiva

Sidan ein begynte med digitaliseringsprosessar på 1980-talet, har mange av dei norske folkemusikkarkiva samarbeidd om programvara FIOLO. Ein kan samanlikne FIOLO med eit fotoalbum med søkbar verbaltekstleg informasjon om kven som er på bileta. Dei svenske utviklarane har signalisert at dei ikkje vil utvikle det allereie forelda programmet vidare. Ei slik programvare er heilt essensiell for å halde oversikt over metadataa som følgjer med dei mange hundretusen enkeltkutta i dei ulike folkemusikkarkivbasane, og ho koplar dermed denne informasjonen saman med lydspora.

For nokre år sidan gjekk Nasjonalbiblioteket inn i eit vellukka samarbeid med NRK for å sikre folkemusikkarkivet deira. No er det på tide at det blir teke eit statleg ansvar for å sikre dei lokale og regionale folkemusikksamlingane. Nasjonalbiblioteket har i dag ikkje mandat eller ressursar til å utvikle ny programvare for folkemusikkarkiva.

Landsmøtet meiner at:

- Kulturministeren må gje Nasjonalbiblioteket eit overordna ansvar og dei naudsynte midlane til å utvikle programvare til systematisering og registrering av folkemusikkopptak, og at dette må koma alle folkemusikkarkiva til gode.
- Ei framtidig arkivløysing må kunne takast i bruk både sentralt og lokalt og må kunne bruke opp att informasjon frå programvara FIOLO.

Solfrid Gjeldokk

Gunnar Blikstad